

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 70.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Øksendal (no Sunndal)

Emne: Frå robåt og segl til motor. Bygdelag: Øksendal

Oppskr. av: A.E.Skrøndal.

Gard: Skrøndal.

(adresse): Øksendal

G.nr. 9 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Lite av eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- I. Eg kan ikkje gje serleg opplysning om dette emnet. Serleg er det umogeleg å fortel om ordninga i båten om segling -fiske o.l. Men her reiste mange frå øvre delen av bygda, der eg bur, på fiske til Sunmøre og Ålesund før ein 100 år eller så sidan.
- II. Den første motorbåten kom hit til Øksendal kring 1920 eller deromkring. Det var Martin Ødegård og Ole A. Melkild som kjøpte båten, og det var til skyssbåt han var tenkt. Martin Ødegård budde i ei stue på Øksendalsøra. Var fødd 1890, og hadde vere i Amerika til 1918. Ole A. Melkild var postopnar i Øksendal. Fødd 1873 utvandra til Amerika 1890, var med i Den Spansk-Am. krig kom heim 1909. Melkild gjekk snart frå som eigar, og Ødegård dreiv båten aleine til skyssbåt. Båten vart

2.
kjøpt ny, og motoren var ein Heimdal-motor frå Molde,
såvidt eg hugsar.

Når det vart kjøpt motorbåt til skyssbåt, så kom
det av, at her var ingen veg å bygda før etter 1945.
Difor vart det ofte bruka robåt i skyss av lækjar-
handelsreisande og turistar fjordtvert til Opdøl i
Ålvundeid og til Sunndalsøra. Dertil måtte presten
ha skyss over fjorden når han skulle til anekset
Ålvundeid. Ei annar rute som motorbåten ofte vart
bruka til var til Eidsøra, omlag to mil frå Øksendals-
øra. Motorbåten vart mykje brukt, og avhjelpete eit stort
sagn i ferdsla. Før me fekk denne motorbåten hadde det
være motorbåt på Sunndalsøra og på Opdøl, Ålvundeid i
fleire år.

Det var ikkje dekk i denne båten, men ei lita
kahytte framme, og så styrhus bakpå.

Dette er alt eg veit å fortel om dette emnet.